

# **VEDTEKTER FOR ULSTEIN NÆRINGSFORUM (UNF)**

## **§ 1 Namn**

Foreininga sitt namn er Ulstein Næringsforum med forkortinga UNF.

## **§ 2 Formål**

Ulstein Næringsforum skal sette dagsorden for, fremje og samordne interessene i Ulstein Kommune på tvers av bransjar og mellom næringslivet, akademia og offentleg verksemd.

Ulstein Næringsforum skal arbeide for vekstkraft. Ulstein Næringsforum skal arbeide for at folk skal ynskje å bu og arbeide i Ulstein Kommune, og for at andre ynskjer å besøke oss.

Foreininga skal vere partipolitisk nøytral.

Med bakgrunn i Ulstein Næringsforum sitt formål kan foreininga engasjere seg i andre selskap, føretak, organisasjonar, foreiningar, tiltak og liknande.

## **§ 3 Medlemskap**

Ulstein Næringsforum er ei foreining for verksemder innan næringsliv, akademia, næringsorganisasjonar, frivillige organisasjonar og offentleg forvaltning som er etablert i Ulstein Kommune.

Som medlem kan opptakast selskap, personlege føretak, Ulstein kommune og andre offentlege verksemder, organisasjonar, foreiningar og andre som styret finn eigna.

Organisasjonsnummeret er identifikasjon for føretak, lag og organisasjonar, og nummeret er definisjonen på kven som er/kan vere medlem.

Styret treng ikkje grunngje eit avslag om medlemskap.

Medlemskap er først gyldig og skal reknast frå den dag kontingenget er betalt.

Under eit medlemskap kan det registrerast fleire medarbeidrarar som alle kan utøve medlemsrettigheter, men maksimalt i forhold til kor mange stemmer medlemmen har.

## **§ 4 Utmelding, eksklusjon**

Utmelding skjer skriftleg til foreininga innan 30. september med verknad frå fylgjande år. Styret kan med grunngjeving ekskludere medlemar. Ekskludert medlem kan anke vedtaket inn til årsmøtet, som avgjer anken med absolutt fleirtal.

## **§ 5 Kontingent og serviceavgift**

Medlemane betalar ein kontingent for medlemskapet, og kontingenget vert fastsett av årsmøtet for eit år av gangen og den betalast forskotsvis. Medlemane betalar i tillegg ei serviceavgift for administrasjon og drift som også vert fastsett av årsmøtet og som betalast i lag med kontingenget.

Kontingenget er fast og lik for alle, medan serviceavgifta kan graderast etter omfang på medlemanes verksemd. Årsmøtet fastset eigen serviceavgift for kommunen, bankar, varehus samt lag og organisasjonar.

Kontingent og serviceavgift som ikkje er betalt innan forfall, kan medføre at medlemskapet fell bort. Krav på kontingent og serviceavgift som er ubetalt fell ikkje bort sjølv om medlemskapet blir strøket.

## **§ 6 Styret**

Foreininga vert leia av eit styre, som er foreiningas øvste mynde mellom årsmøta. Styret består av minimum fem og maksimum sju medlemmar, med inntil tre nummererte varamedlemmar.

Styrets medlemmar vert valt for to år, med mogelegheit for attval. Første år vert inntil halvparten av medlemmane, samt eit varamedlem valt for 1 år.

Årsmøtet vel styrets leiar for eit år av gangen. Utover det konstituerer styret seg sjølv. Styret tilset dagleg leiar som også fungerer som styrets sekretær. Det skal førast protokoll frå styremøta.

Styret utarbeidar instruks for valkomiteen som skal vedtakast av årsmøtet.

Styret held møter så ofte styreleiar finn det naudsynt, eller minst tre styremedlemmar krev det. Styret er vedtaksfør når eit fleirtal av styrets medlemmer er til stades. Vedtak i styret vert fatta med fleirtal av dei avgjorde stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiarars stemme avgjerande.

Kommunen har rett til å peike ut eit styremedlem så lenge kommunen bidreg med ekstraordinære midlar (4 første år).

## **§ 7 Rådgivande utval og bransjeforeiningar**

Styret kan opprette utval innanfor avgrensa områder eller innanfor fag/bransjar som har eigne interessefelt (bransjeforeiningar). Slike utval kan enten ha permanent karakter eller vere oppretta for kortsiktige, prosjektorienterte oppgåver og formål. Utval kan også ha rådgivande oppgåver i forhold til styret.

Styret orienterer årsmøtet om dei utval/bransjeforeiningar som er i aktivitet.

## **§ 8 Valkomité**

Valkomiteen skal overfor årsmøtet foreslå kandidatar til verva som styreleiar, styremedlemmer, varamedlemmer og revisor. Valkomiteen skal bestå av ein leiar og to medlemmar som alle vert valt av årsmøtet for eit år av gangen.

Valkomiteens kandidatforslag til årsmøtet skal gjerast tilgjengeleg for medlemmene saman med dei andre årsmøtedokumenta.

Valkomiteen skal sikre brei kompetanse i styret, og sjå til at styret har ei samansetning som tek i vare breidda av medlemsmassen, UNF sitt formål og næringsforeininga sine strategiske mål.

Valkomiteen sin leiar skal før første møte be styrets leiar om ei evaluering av styrets kompetansebehov framover og korleis dei enkelte styremedlemmane fungerer. Dette slik at komiteen har eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Valkomiteen bør jobbe for at styrets kontinuitet vert sikra samtidig som at nye krefter får kome til.

UNF sitt styre har ansvar for å kalle saman valkomiteen minst 2 månader før neste årsmøte.

## **§ 9 Årsmøte**

Årsmøtet er foreininga sitt øvste organ. Styret gjer dato for kva tid årsmøtet skal avviklast tilgjengeleg på foreininga si heimeside seinast 6 veker før. Årsmøtet vert kalla inn av styret med minst 14 dagars skriftleg varsel til medlemmane.

Innkallinga skal innehalde saksliste for årsmøtet. Innkalling kan skje elektronisk per e-post og årsmøtedokumenta kan gjerast tilgjengelege på foreininga sine heimesider seinast 7 dagar før årsmøtet.

På årsmøtet kan berre behandlast dei saker som er nemnd i innkallinga.

Årsmøtet vert helde kvart år innan utgangen av juni månad. Årsmøtet vel sjølv sin møteleiar.

Ordinært årsmøte skal behandle:

1. Val av møteleiar og 2 personar til å underskrive protokollen saman med møteleiar.
2. Godkjenning av:
  - A. Styrets beretning
  - B. Årsregnskap, her under disponering av resultat
  - C. Revisors beretning
3. Fastsetting av:
  - A. Kontingent og serviceavgift for kommande år
  - B. Godtgjersle til revisor
4. Val av:
  - A. Styreleiar, medlemer til styret og varamedlemmer
  - B. Leiar for valkomiteen og valkomiteens andre medlemmer
  - C. Revisor (dersom årsmøtet ønskjer det)
5. Innkomne forslag, her under forslag til vedtektsendringar. Medlemmar må skriftleg melde saker til styret innan 3 veker før kommande årsmøte.
6. Andre saker som er nemnt i innkallinga.

Protokoll frå årsmøtet skal signerast av møteleiar og to valte representantar frå medlemmane som er på møtet. Protokollen skal gjerast tilgjengeleg for medlemmane på foreiningas heimeside.

## **§ 10 Stemmegjeving på årsmøtet**

Stemmerett på årsmøtet har berre møtande representant for medlemmane eller møtande ved skriftleg og datert fullmakt. Saman med innkallinga vert det gjort tilgjengeleg ein oversikt over foreininga sine medlemmar og dei stemmer som er registrerte for den enkelte medlem.

Vedtak vert fatta med alminnelig fleirtal av møtande representantar. I tilfelle stemmelikskap tel møteleiarars stemme dobbelt.

Stemmerett på årsmøtet vært gjeve etter følgjande fordeling for kvart medlem:

0-10 årsverk	1 stemme
11-50 årsverk	3 stemmer
51-100 årsverk	5 stemmer
Over 100 årsverk	8 stemmer
Lag og organisasjonar	1 stemme
Varehus	4 stemmer
Bankar	8 stemmer
Kommunen	8 stemmer

På årsmøtet kan det likevel berre stemmast slik at ingen av medlemsbedriftene kan stemme for meir enn 10% av dei avgjorte stemmene.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret finn det naudsynt, eller når minst 1/3-del av foreininga sine medlemmar skriftleg krev det. Innkalling og stemmegjeving skjer på same måte som på ordinært årsmøte.

## **§ 11 Revisjon**

Dersom årsmøtet ønsker det kan det veljast revisor.

## **§ 12 Vedtektsendringar**

Endringar i vedtektena kan berre gjerast på ordinært årsmøte, med minst 2/3-dels fleirtal av stemmene. Vedtektsendring trer i kraft med ein gong.

## **§ 13 Oppløysning, samanslutning og deling**

Forslag om oppløysning kan fremmast av styret eller minst 1/3 av foreiningas medlemmar. Forslaget skal vere skriftleg og grunngjeve, og skal sendast ut til medlemmane med minst ein månads varsel før saka skal handsamast.

Oppløysning av foreininga kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Vert oppløysning vedtatt med minst 2/3 fleirtal, vert det innkalla til eit ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare. For at oppløysning skal skje, må vedtaket gjentakast med 2/3 fleirtal i ekstraordinært årsmøte.

Det skal veljast eit avviklingsstyre som skal sørge for avvikling. Det ordinære styret kan veljast til avviklingsstyre og får stilling som avviklingsstyre om ikkje anna val vert gjort. Ved oppløysing skal foreiningas kreditorar varslast.

Samanslutning med andre foreiningar eller deling av foreininga vert ikkje rekna som oppløysning. Vedtak om samanslutning eller deling og naudsynne vedtektsendringar vert gjennomført i samsvar med § 12, Vedtektsendringar. Styret skal i dette høvet utarbeide ein plan for samanslutning eller deling som årsmøtet skal stemme over.

## **§ 16 Foreiningas midlar ved oppløysning**

Foreiningas midlar skal ved oppløysning og etter vedtak i årsmøtet delast ut til verksemd, organisasjon(ar), foreining(ar), tiltak og/eller liknande i Ulstein kommune som samsvarar med foreiningas formål.

*Vedteke på stiftingsmøtet den 27 mai 2019 med endringar vedteke av årsmøtet 11. mars 2021.*